



Hordaland fylkeskommune

27 JUL 2015

Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>


Vår referanse:
2014/095942-010

Dykkar referanse:


Vår dato:
24.07.2015

Omklassifisering av strekning av Rv. 13 - Gamal veg utanfor Jobergstunnelen i Granvin herad

Statens vegvesen skal i gang med omlegging av Rv. 13 fra dagens trasé til tunnel gjennom Joberget i Granvin herad. I den samanheng tek vi opp sak om omklassifisering av nåværende trase som ikkje skal gå i tunnel.



Viser nye Jobergstunnelen og gamle Rv 13
frå Seim til Holven



Det mest rasfarlige området ved
Granvinsvatnet

Reguleringsplanen for Rv. 13 Øvre Granvin – Holven (Jobergstunnelen) vart godkjend i
Granvin herad 14. des. 2011.

I planomtalen, som var til offentleg høyring i samband med planhandsaminga framgår det i
punkt 3, sitat:

«

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadso
Telefon:
Telefaks:

3.2 Vegsystemet

Gjennomføring av Vossapakko og særleg bygging av Hardangerbrua vil gjera rv 13 gjennom Granvin herad til ein viktigare veg med større trafikk enn i dag. På den aktuelle strekninga er det særleg omsynet til rasfare som har vore premissgjevande for planlegginga. Det meste av vegstrekninga vert no derfor lagt i tunnel, medan gamlevegen vert nedklassifisert.

3.3 Kollektivtiltak


Det er planlagt busslommere på ny rv. 13 på begge sider av tunnelen. I tillegg er det satt av areal til parkeringsplass/skifteplass ved kryssområda på Seim og Holven.

Fra busslommene er det vist fortausloysingar og gangvegar som koplar seg til lokalvegnettet.

3.4 Løysing for gåande og syklande

Gamlevegen (noverande rv 13) er tenkt nytta som kombinert lokalveg/bygdeveg og gang- og sykkelveg. Det er difor ikkje planlagt samanhengane gang- og sykkelveg langs den nye vegen

«



Nedre del av raslopet frå 2007. Det er montert eit fanggjerde tvers over raslopet. Gjerdet er om lag 30 m langt, 4,5 m høgt, og bør kunne ta opp minst 1500 Kj energi.

Rasfaren er stor på heile strekninga, men med redusert sannsynlighet for store ras nærmast Holven. Her er også storst avstand mellom fjellveggen og vegen. Det er sannsynleg at det før eller seinare vil kunne koma ned svært store rasmengder på den mest utsette strekninga. I rassikringsplanen frå 2003 var det som einaste heilt sikre løysing tilrådd å bygga ein lang tunnel. Dette er også vidareført i rassikringsplanen frå 2008.

Jobergstunnelen vil føra til at den gamle riksvegen gjennom Vassenden vil endra sin funksjon betydeleg og vil framstå som eit lokalvegnett. Det er vidare vist til at det ikkje er tilrettelagt for gang- og sykkeltrafikantar langs Rv. 13. Det går gang- og sykkelveg på den gamle jernbanelina på andre sida av Granvinsvatnet, men Rv. 13 vert nytta som del av rundtur rundt vatnet og for dei som skal til/frå Ulvik/Voss. Også mellom nabogrendene ved vatnet vert riksvegen brukt av mjuke trafikantar.

Vi har slik framlegg til innstilling:

Heile gamlevegen Rv 13 (Rt 13) frå krysset ved Seim i nord, gjennom Øvre Vassenden, til krysset ved Holven i sør vert nedklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkjøringsveg og for gåande og syklistar, men kan vera vinterstengd. Vedtaket om

nedklassifisering vil vera gyldig frå det tidspunkt det vert sett trafikk på den nye vegen/traseen/tunnelen.


I samsvar med veglova § 7 første ledd er det departementet som fatter endelig vedtak om omklassifisering / nedklassifisering av riksveg. Hordaland fylkeskommune og Granvin herad, der riksvegen ligg, skal gje uttale i saka før endelig vedtak vert gjort. Vedtaket om nedklassifisering vil vera gyldig frå det tidspunkt det vert sett trafikk på den nye vegen/traseen/tunnelen.

Saka vert sendt dykk for uttale med høyringsfrist sett til **01.10.2015**

Saka er også sendt for uttale til Granvin herad.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger

Med helsing



Carl Erik Nielsen
seksjonssjef



Per Steinar Nedkvitne